

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat  
Postboks 5091  
Majorstuen  
0301 Oslo

Bergen, 30.09.2015

*FNF Hordaland er eit samarbeidsforum for natur- og friluftsansjasjonar i Hordaland, som arbeidar for å ta vare på natur- og friluftsansjessene i fylket. Per i dag er det 10 ansjasjonar tilslutta FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Norsk Ornitologisk Foreining Bergen lokallag, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelinga, Sykkistanes Landsforeining Bergen og omegn, Voss Utferdslag (DNT) og Voss kajakkklubb. Saman representerar desse ansjasjonane over 37.000 medlemmar i fylket.*

### **Fråsegn gjeldande Drøllstølsbekken kraftverk, Eidfjord kommune**

Vi viser til brev 1. juli 2015 frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjeldande søknad om Drøllstølsbekken kraftverk i Eidfjord kommune (NVE saksnummer 201202844). Denne fråsegna er diskutert med Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland og Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) Bergen lokallag. Vi har fått utsett høyringsfrist til 30. september 2015.


### **Bakgrunn**

Drøllstølsbekken drenerer til Bjoreio ved Fet i Sysendalen. Prosjektet er estimert til ein produksjon på 9,50 GWh / år. Søknaden skisserer to ulike utbyggingsalternativ. Hovudalternativ: Kraftstasjon er planlagt på 740 moh. og inntaket på 915 moh. Vassvegen skal leggjast i grøft på austsida av elva og vert 1600 m lang. Røyrgetraseen vil ha ei breidde på 15-25 m i byggjetida, og vil medføre omfattande sprenging grunna mykje fjell i området. Middelvassføring er estimert 1050 l/s, og slukeevna til kraftverket er på 2620 l/s. Drøllstølsbekken vil få ei redusert vassføring på om lag 1680 m av strekket. På kote 915 er det planlagt ein gravitasjonsdam med følgjande mål: 3m (h) x 20 m (l). Føreslått minstevassføring er 11 l/s heile året.

### **Drøfting**

#### **Randsone til nasjonalpark**

Inntaksområdet for det planlagde kraftverket vil liggja i randområdet til Hardangervidda nasjonalpark. Inntaksområdet for Drøllstølsbekken kraftverk er planlagt om lag 1,2 km frå grensa til Hardangervidda nasjonalpark. I forvaltningsplanen for Hardangervidda nasjonalpark er kraftutbygging i randområda omtalt i eit eige avsnitt: *Dei fleste vassdraga på Vidda er regulerte utanfor verneområda, med unntak av Veig og Dagali, som er varig*



*verna. I tillegg er Opo og Kinso i Ullensvang varig verna. Nokre reguleringar kjem i berøring med verneområda, slik som Halnefjorden som ligg i Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde medan det regulerte Heinvasdraget ligg i nasjonalparken. Tinnhølen er demma opp og det er grave jordvoll mot aust for å hindre utløp mot Numedalslågen. Ved Viersla er det ein mindre trebukkedam som fører Vierslafeltet austover i staden for ned Olavsdaalen mot Veig. Dette er eit tiltak som vart gjort på 50-talet og som sidan har blitt ståande. Utløpet av Bjornesfjorden og Langesjøen var senka på 1950-talet for å auke vassføringa i Numedalslågen. Utløpa er seinare restaurera i fleire omgangar. I Veigvatnet ligg det reguleringsanlegg som er take ut av bruk”<sup>1</sup> .*

Drøllstølsbekken har si opprinning innanfor grensene til nasjonalparken og nedbørfeltet strekkjer seg innover nasjonalparkgrensene. Tiltaket er i nedre del av nedbørfeltet utanfor nasjonalparkgrensene. Spørsmålet er om det føreligg særskilde omstende som likevel gjer at ein bør sjå på ytterlegare utbygging i randområda i høve verdiane som ein ønskjer å forvalta gjennom verneområda. Graden av utbygging i randområda er eit moment som må vektleggjast i denne vurderinga og nærleiken til nasjonalparkområdet. I tillegg er det relevant å ta omsyn til eksisterande tyngre tekniske inngrep, og prosjekt som er til handsaming hjå NVE: Skytjedalen pumpe i Simadalsvassdraget (NVE saksnummer 201400807), Isdøla kraftverk (NVE saksnummer 201200960) og Isdal pumpe og kraftverk (NVE saksnummer 201301425). Det føreligg og omfattande planar for ny utbygging i Sysendalen etter annan sektorlovgjeving (gondolbane, hytter, vegar). Vi kan ikkje sjå at prosjektsøknaden har gjort tilstrekkeleg greie for eksisterande og komande utbyggingsgrad av området. Vi forventar at NVE gjev ei særskilt vurdering av dette momentet i tråd med naturmangfaldlova og vassressurslova.

Eit anna moment vil vera graden av inngrep i landskapet, tydinga området har for reiselivsnæring, kva rolle Drøllstølsbekken spelar som landskapselement og ikkje minst tilgjengelegheit til området for brukarinteressene.


### **Inngrepsfrie naturområder og naturmangfald**

I brev frå Olje- og energidepartementet (i samråd med Klima- og miljødepartementet) til NVE 11. mai 2015 vert det orientert om følgjande vurderingsgrunnlag for store samanhengande naturområder: *”Store sammenhengende naturområder med urørt preg har stor verdi for naturmangfold, friluftsliv og ofte landskap. Det må gjøres en konkret vurdering av eventuelle konsekvenser for slike områder.”*

Det er sjeldan vi ser vassdragssaker i Hordaland fylke som reduserer villmarksprega areal. Sjølv om reduksjonen av villmarksprega areal kan framstå som lite er det viktig å sjå dette i samband med kva område dette er del av. Hardangervidda nasjonalpark har noko av dei siste større, samanhengande villmarksprega areala som er igjen i Sør-Noreg. Vi tolkar det som ei nasjonal retningslinje å ivareta store samanhengande naturområder med urørt preg som har stor verdi for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Dette er også verdiar som er viktige for reiselivsbasert næring og for fritidsbruk av området. Ved handsaming av

---

<sup>1</sup> Sjå vedtatt regional plan for Hardangervidda 2011-2025, s. 13.




arealplansak i 2010 la Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet) vekt på at: "Sysendalen er eit område som er nasjonalt viktig for reiseliv og friluftsliv, samt nærleiken til Hardangervidda nasjonalpark og villreinområde"<sup>2</sup>. Vi ber difor NVE leggje til grunn Olje- og energidepartementet si retningslinje gjeldande store samanhengande naturområder i vurderinga av denne saka, og omsynet til at Sysendalen er nasjonalt viktig for reiseliv og friluftsliv.

Det vil difor vera relevant å ta omsyn til følgjande:

1. Vi vil visa til Klima- og miljødepartementet sin uttale i samband med forslag til Statsbudsjettet 2015, Prop. 1S (2014-2015), s. 193: *"Likevel er det eit mål å ta vare på dei miljøverdiane som er knytt til dei større samanhengande naturområda. Til dømes skal viktige område for friluftsliv og opplevingar i naturen og viktige område for naturmangfald framleis takast omsyn til i arealforvaltninga"*.
2. Miljødirektoratet har i rapporten "Inngrepsfrie naturområder i Norge (INON) - verdi som indikator for tilstanden i norsk natur" (Oppdrag175/2014 (KLD)–tema Kunnskap) gjort greie for oppdraget. Konklusjon i evalueringsrapporten seier: *"INON er den eneste indikatoren som gjør det mulig å kontrollere om Norge ivaretar internasjonal forpliktelse om bevaring av store sammenhengende naturområder og tilhørende habitater"*.
3. Drøllstølsbekken sitt nedbørfelt fell i øvre del innanfor nasjonalparkgrensene. Området innanfor nasjonalparkgrensene er i plankartet for "Regional plan for Hardangervidda 2011-2025" definert som "Nasjonalt villreinområde. Areal vernet etter naturvernlova (sone A)". Inntaksområdet ligg 1,2 km frå nasjonalparkgrensa. I plankartet er dette området mellom "Nasjonalt villreinområde (sone B)" og "Fjell og annen utmark (sone C)". Røyrgata vil gå igjennom sone C og over i sone G. Sjølve kraftstasjonen vil liggja innanfor området "Reiseliv (sone G)". Regional plan har følgjande retningslinje for ny vasskraftutbygging, jf. §2.6: *"Ny eller utvidelse av eksisterende kraftutbygging eller kraftlinjer bør unngås i villreinens leveområder. Unntak kan gjøres for tiltak som ikke innebærer nye inngrep av betydning for bevaring av villreinstammen, samt for tiltak med samlet positiv miljøgevinst knyttet til villrein, landskap og andre miljø- og verneinteresser"*. Etter retningslinja vil også andre omsyn enn villreinstamma vera relevant, t.d. ivaretaking av habitat som er viktig for naturmangfaldet.
4. Nasjonalparkgrensene er også utgangspunkt for avgrensinga av "Important Bird and Biodiversity Area". I rapport nr. 5/2015 "Important Bird and Biodiversity Areas (IBAer) i Norge" vert dette området på Hardangervidda, som også inkluderer Garen omtalt: *"Grensene for IBAet sammenfaller i stor grad med nasjonalparken, med visse utvidelser i sørvest og i nord. Isdalen og Garen i Eidfjord, samt Møsvatn-Austfjell landskapsvernområde, Møsvasstangen landskapsvernområde og Bjortjønn dyrefredningsområde, er også inkludert, da dette er områder med tilknytning til det*

---

<sup>2</sup> Sjø arealplansak handsama av MD (2010): <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Eidfjord-kommune---motsegn-fra-fylkesmannen-til-reguleringsplan-for-Garen-Sysendalen-del-av-gnr-18-bnr-1-og-5-mfl-/id593431/>



*samme høgfjellssystemet*".<sup>3</sup> Drøllstølsbekken i Drøllstølsgila er ein korridor mellom IBA-området ved Garen og IBA-området i nasjonalparken. Det er naturleg å leggja til grunn retningslinje R5 i fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 - 2021. Vi ber også NVE vurdere retningslinje R11 punkt 5. Det er ikkje gjort tilstrekkeleg greie for tydinga området har som IBA-området i fagrapportane.

5. I fagrapportane er det registrert naturtypar som fossesprøytsone og bjørkeskog med høgstaudevegetasjon (verdi C) i influensområdet. Det er innlysande at når vassdraget her blir så og seia tørrlagt (10 l/s minstevassføring) på ein strekning på 1680 meter, så vil det kunne få drastiske følgjer for det dyre- og plantelivet som er knytt til rennande vatn i vassdraget, og for fuglelivet. Fossesprøytsoner er definert som verneverdige naturtypar, og vegetasjonen langs vassdraget indikerer stort artsmangfald og potensiale for raudlisteartar.

### Myrområder


Miljørapporten frå Rådgivande Biologer viser til at planlagd trasé for røyr gata vil m.a. gå gjennom myrområder. Vi kan ikkje sjå at konsekvensane av dette er tilstrekkeleg vurdert. Myr er eit viktig karbonlager og regulator for CO<sub>2</sub> innhaldet i atmosfæra, og er svært viktige i ein klimasammenheng. Graving i og drenering av myrer medverkar til å øydeleggje karbonlagringsfunksjonen. Graving i myr medfører at karbonet som er lagra reagerer med oksygen i lufta og genererer CO<sub>2</sub>-utslepp. Grunngevinga for søknaden om utbygging av Drøllstølsbekken kraftverk er (avsnitt 1.2, s. 6 i søknaden): ".... utnyttelse av vannkraft til produksjon av miljøvennlig og fornybar energi." Vi meiner at utbyggjar må leggje fram eit klimarekneskap for prosjektet, der ein samanliknar forventade positiv konsekvens for klimaet knytt til auka produksjon av fornybar energi vs. negative konsekvensar ved m.a. direkte utslepp av klimagassar frå myrene i området.

### Friluftsliv

I rapporten "Område for friluftsliv: Kartlegging og verdsetting a regionalt viktige område i Hordaland" (2008) er "Sysendalen-Mauranger S" vurdert som svært viktig for friluftslivet. Det går ingen T-merka rute langs Drøllstølsbekken, og vinterruta mot Vivelig går vest for influensområdet. I kartgrunnlag frå Statens kartverk er det teikna inn umerka sti langs Drøllstølsbekken (også stadfesta gjennom vitjing av området 09.07.2015). I søknaden går det fram at området vert mykje nytta i samband med friluftsliv. Stien fører mot Drøllstølen. Frå Drøllstøl kan ein gå vidare mot Drøllstølsgila, Bjoreinuten .

Sjølv om det ikkje er T-merka ruter i influensområdet, så har området ein verdi for friluftslivet. Friluftslivet er skånsam bruk av naturen, og skal utøvast med omsyn til naturverdiane i området og i tråd med forvaltningsmåla for Hardangervidda nasjonalpark. I Sysendalen er mykje av landskapet allereie prega av større utbyggingar og dalføret i Sysendalen er trasé for rv. 7 (status som nasjonal turistveg). Å vandra langs Drøllstølsbekken mot området kring Drøllstølen gjev ei stor oppleving i form av å vandre inn i eit større naturområde med urørt preg. Ivaretaking av Drøllstølsbekken slik den renn i dag vil difor vera i tråd med nasjonal retningslinje frå Olje- og energidepartementet.

<sup>3</sup> Sjå Heggøy, O., Øien, I. J. & Aarvak, T. 2014. Important Bird and Biodiversity Areas (IBAer) i Norge. NOF-rapport 5-2015. 179 s. URL: [http://www.birdlife.no/prosjekter/rapporter/2015\\_05\\_NOF.pdf](http://www.birdlife.no/prosjekter/rapporter/2015_05_NOF.pdf)



Den planlagde kraftverksutbygginga vil redusera vassføringa i elvestrengen, og vil medføre at elvekantvegetasjonen på austsida må fjernast. Etablering av røyrgate med eit ryddebelte på 15-25 meter vil medføre at ein ikkje kan ha større tre på toppen av røyrkata. Tiltaket krevomfattande sprenging og vil bli svært synleg i landskapet. Landskapskarakteren i området langs elva som er prega av bjørkeskog vil difor verta endra. Det er naturleg å leggja til grunn retningslinje R7 i fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 - 2021. Sysendalen er rekna for å vera nasjonalt viktig for reiseliv og friluftsliv. Difor vil det vera relevant å leggja til grunn retningslinje R9 i fylkesdelplanen for små vasskraftverk i samband med reiselivsvurderinga.




**Bilete 1:** Umerka sti kan følgjast på både sider av Drøllstølsbekken på veg oppover mot vidda (vassføring 09.07.2015).

## Landskap

I landskapskartlegginga til Hordaland fylkeskommune er Sysendalen omtala slik: *"23T07-08 Sysendalen, Eidfjord. Vid og brei dal i overgangen mot elvejuv og fjorddalen nedenfor. Storskala inngrep med Sysendammen står tydelig fram. Hyttefelt langs eksponert rygg"*<sup>4</sup>. Drøllstølsbekken nedre del renn gjennom eit utbygd område, men øvre del er ein del av eit

<sup>4</sup> Sjå s. 113 i rapporten "Landskapskartlegging av Hordaland fylke: Landskapstypeklassifisering av innland" (Lars A. Uttakleiv). Rapport 02-2009. Aurland Naturverkstad. Det er også relevant å leggja til grunn "Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke: Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap" (Clemetsen, Uttakleiv og Skjerdal, 2011). Aurland Naturverkstad.

A (2009)) [http://www.hordaland.no/Global/regional/kart/LandskapstyperHordaland\\_AN\\_rapp\\_02-09.pdf](http://www.hordaland.no/Global/regional/kart/LandskapstyperHordaland_AN_rapp_02-09.pdf)  
B (2011)) <http://www.hordaland.no/PageFiles/56722/2011-07-Verdivurdering-av-landskap-i-Hordaland-fylke-web.pdf>




kultur- og naturlandskap der det ikkje er gjennomført tyngre tekniske inngrep. Det må difor vera eit mål i seg sjølv å ivareta i alle fall noko i Sysendalen som ikkje vert prega av tyngre tekniske inngrep. Drøllstølsbekken er eit synleg landskapselement i Sysendalen. Ei redusert vassføring her vil gjera Drøllstølsbekken mindre synleg (sjå bilete 2-4). Å føra tyngre tekniske inngrep lenger opp i fjellet vil vera uheldig.



**Bilete 2:** Øvre del av Drøllstølsbekken (vassføring 09.07.2015).



**Bilete 3:** Drøllstølsbekken er synleg i landskapet. Raud sirkel er vår utheving. (kjelde: Google Streetview frå rv. 7 mot området Garen og Fet i Sysendalen, august 2009)



**Bilete 4:** Oversyn over området ved Garen og Fet. Drøllstølsbekken er synleg i biletet og renn ut i Bjoreio til høgre nedanfor brua mellom Garen og Fet(kjelde: Bilete av A.T. Mjøs trykt på side 19 i rapporten "Viltet i Eidfjord: Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane" (2001)).

### **Konklusjon**

Vi rår ikkje til at det vert gjeve konsesjon til prosjektet.

Vennleg helsing

Nicolas Rodriguez  
Sakshandsamar  
FNF Hordaland

Johanna Myrseth Aarflot  
Fylkeskoordinator  
FNF Hordaland